



MØTEPROTOKOLL

| | |
|-----------------|---|
| Organ | Fylkesutvalet |
| Møtestad | Leikanger - Fylkeshuset, møterom Sygna |
| Møtedato | 26.04.2017 |
| Kl. | 10:00 – 12:00 |

| | |
|--|--|
| Faste medlemer til stades: | Jenny Følling, Sp Sigurd Reksnes, Sp Trude Brosvik, KrF Åshild Kjelsnes, Ap Hilmar Høl, Ap Helen Hjertaas, Ap Bjørn Erik Hollevik, H Gunhild Berge Stang, V |
| Forfall til møtet: | Aleksander Øren Heen, Sp |
| Varamedlemer til stades: | Jon Olav Kvamme, KrF |
| Til stades med møte- og talerett: | Fylkesrådmann Tore Eriksen, med unntak av under handsaminga av sak 38/17, der han gjekk frå. |
| Sekretariat for møtet: | Svein Hågård og Marit Silje Husabø |

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møteboka frå 3. april 2017 vart godkjend utan merknader.

Fylkesutvalet vedtok at drøftinga i tilknyting til dokumenta nr. 5 a) og b) i sak 37/17 skulle skje bak lukka dørar, jf. kommunelova § 31, nr. 5, jf. offentleglova § 23 fjerde ledd. Fylkesutvalet vedtok vidare at sak 38/17 skulle handsamast bak lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 3.

Munnlege orienteringar:

- Fylkesordføraren orienterte om at Vestlandsrådet inviterer til frukostmøte om NTP 5. mai
- Fylkesordføraren orienterte om korrespondanse mellom F1 Holding AS og Havilafjord AS. Orienteringa vart gitt ut frå eit notat som er journalført i ESA 17/3777- 10. I medhald av kommunelova § 31, nr. 2, vedtok fylkesutvalet at orienteringa skulle finne stad bak lukka dører

SAK 35/17 Forslag til framtidig regional modell for arbeids- og tenestelina i NAV – høyringsfråsegn

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune legg til grunn at arbeids- og tenestelina i NAV får ei organisering og regional inndeling som samsvarer med det nye folkevalde nivået og dei nye fylkesmannsembeta sin geografiske struktur. Regional samordning med sams yttergrenser bør vere eit gjennomgåande grunnprinsipp i alle dei regionaliseringss prosessane som no går føre seg.
 2. Sogn og Fjordane fylkeskommune står at leiinga for det nye regionale NAV-kontoret vert plassert i Hordaland under føresetnad at leiinga for det samanslegne fylkesmannsembetet blir lagt til Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar er, i den framforhandla intensjonsplanen for det nye folkevalde nivået, samde om denne fordelinga. Den tilrådde regioninndelinga for NAV, med regionkontor i Bergen, må leggje opp til ein desentralisert struktur. Ved å nyte moderne leiing og oppgåve- og arbeidsdeling vil ein kunne bruke kompetansen i heile regionen. Slik vil også region-nivået i NAV kunne ha nærliek til, og god kunnskap om, utfordringane i kommunane og lokalsamfunna i heile regionen.
 3. Ei slik ny regional inndeling, med påfølgjande styrking av dei lokale NAV-kontora ved overføring av oppgåver frå dagens fylkesnivå, må opne for tilsvarande overføring frå direktoratet til dei nye NAV-regionane.
 4. Fylkesutvalet vil peike på utfordringar som regjeringa trekkjer fram i «Perspektivmeldinga 2017» knytt til framtidig utvikling innanfor arbeidsmarknaden og på integreringsområdet. NAV vil vere ein sentral aktør i høve til desse utfordringane framover.
-

SAK 36/17 Avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert løyvd 6 mill. kr i tilskott til Skipavika Næringspark AS til bygging av ny veg til Skipavika i Gulen kommune. Løyvinga vert finansiert med bruk av disposisjonsfond.
2. Fylkestinget legg vedlagte avtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune, Skipavika Næringspark AS og Gulen kommune om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune til grunn for løyvinga.
3. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om utbygging, finansiering og overtaking av ny veg til Skipavika i Gulen kommune på vegner av fylkeskommunen.
4. Fylkestinget gir fylkesrådmannen fullmakt til å signere vedlagte avtale om overdraging av justeringsrett og -plikt ved overdraging av veganlegg – Veg til Skipavika i Gulen kommune på vegner av fylkeskommunen.

5. Når ny veg til Skipavika er teken opp som fylkesveg, skal eksisterande fylkesveg 4 frå Ånneland til Skipavika, samt ferjekai, omklassifiserast til kommunal veg i den stand vegen og kaia er på overføringsstidspunktet.
-

SAK 37/17 Skriv og meldingar fylkesutvalet 26. april 2017

Følgjande skriv og meldingar vart handsama:

- 1: Notat til FU 26.april 2017 – Rettsmekling
- 2: Barnehus i Sogn og Fjordane
- 3: Ambulansekutt, Askvoll og øyane rundt
- 4a: Opprop for bedre redningsberedskap i kystnære områder
- 4b: Opprop adressert Samferdselsminister og Justis- og beredskapsminister
- 4c: Forliset til Fiskebåten Stortinn JR ved Røst 6. april 2015 - Familiens rapport
- 4d: Rapport - Forliset til Stortinn JR N-9-RT
- 5a: Notat frå Lund & Co – Løypemelding IV del A –
Ikkje offentleg, jf. Offl. § 15 andre ledd
- 5b: Notat frå Lund & Co – Løypemelding IV del B –
Ikkje offentleg, jf. Offl. § 15 andre ledd
- 6: Uttale vedkommande plassering av fylkesmannsembetet i ny vestlandsregion.

VEDTAK:

Fylkesutvalet vedtok uttale frå fylkeskommunen til Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget, vedkomande plassering av fylkesmannsembetet i Sogn og Fjordane og Hordaland.

SAK 38/17 Søknad om forlenga åremålsstilling

VEDTAK:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Tore Eriksen får fornya åremål som fylkesrådmann med ein periode på ca. 2 år frå og med 10.04.18 til og med 31.03.20.
 2. Etter avslutta åremål vil Tore Eriksen få rett til fast stilling i fylkeskommunen. Løns- og arbeidsvilkår for ei eventuell rådgivarstilling vert å avtale seinare.
-